

Landbruks- og matdep.	
Saksnr.: 2006/00143	Doknr.: 242
Mottatt: 16 JUN 2006	M/SDD
Saksbeh.: MBB	Ark.: 713
Kopi:	Avskr.:

Dato: 25.04.2006
 Saksnr.: 2006/665
 Løpenr.: 7396/2006
 Arkiv: V40
 Sakshandsamar: Bjørn Bruaset

HØYRING – FORSLAG OM OVERFØRING AV ANSVAR FOR TILGANG PÅ DYREHELSEPERSONELL OG KLINISK VETERINÆRVAKT TIL KOMMUNANE

Saksnr	Utval	Møtedato
71/06	Teknisk utval	11.05.2006
70/06	Formannskapet	30.05.2006

SAKSUTGREIING:

Bakgrunn

Landbruks- og matdepartementet (LMD) foreslår i skriv av 15.02.06 endringar i lov av 15.juni 2001 nr 75 om veterinærer og annet dyrehelsepersonell (dyrehelsepersonelloven). Lovendring er nødvendig for å kunne gi kommunane

- ansvar for å sørge for tilfredsstillande tilgang på dyrehelsepersonell, og
- ansvar for klinisk veterinærvakt.

Dette er nå eit statleg ansvar der Mattilsynet sine regionkontor administrerar ordninga med klinisk veterinærvakt. I tillegg er det ei spesialvakt for kjæledyr. Denne vaktordninga har LMD sagt opp frå 01.07.06. Etter forslaget frå LMD vil det kun vera ei generell klinisk vaktordning som skal ta hand om både dyr i landbruket og hobby- og kjæledyr når kommunane overtar ansvaret.

Bakgrunnen for forslaget er at det økonomiske grunnlaget for klinisk veterinærtjeneste er svekka i delar av Norge. Klinisk veterinærtjeneste er tjenesteyting frå sjølvstendige næringsdrivande veterinærer til dyreeigarar. Det svekka økonomiske grunnlaget for slike tjenester skuldast mellom anna strukturendringar og økonomiske tilhøve i landbruket. Som ei følge av dette er det mindre attraktivt for veterinærer å etablere seg i fleire distrikt. Eit utval nedsett av LMD foreslo i september 2004 å overføre ansvar for tilfredsstillande veterinærdekning og veterinærvakt til kommunane.

Forslaget

Forslaget, som medfører ei forvaltningsmessig reform, legg opp til endringar i § 1 og § 26 i dyrehelsepersonellova. Kommunane kan ikkje overta nye plikter utan heimel i lov. Det blir difor foreslått ein ny paragraf som regulerar kommunane sitt ansvar.

LMD foreslår ny § 3a. Kommunenes ansvar (forslag til ny lovtekst nedanfor)

"Kommunene skal sørge for tilfredsstillende tilgang på tjenester fra dyrehelsepersonell."

LMD foreslår at § 1 andre ledd blir oppheva (lovteksten nedanfor).

"Staten har det overordnede ansvaret for å sikre en landsdekkende dyrehelsetjeneste."

LMD foreslår at § 26 Om klinisk vakt blir oppheva (tekst nedanfor).

"1. Det skal etableres klinisk vakt for dyrehelsepersonell i alle deler av landet. Vakt deltakelse baseres på frivillighet, og departementet inngår avtale med yrkesorganisasjonene etter forhandlinger om organisering og gjennomføring av vaktene samt om godtgjøring/tilskudd for deltagelse.

2. Departementet kan, hvis det gjennom frivillige ordninger ikke er mulig å dekke opp den kliniske vakttjenesten, bestemme at praktiserende dyrehelsepersonell skal delta i den kliniske vakten på det stedet de utfører sin virksomhet i henhold til betingelser avtalt med yrkesorganisasjonene. Plikt til å delta i vakt begrenses i forhold til type praksis den enkelte yrkesutøver driver daglig. Plikten til å delta i vakt faller bort ved gyldig forfall, og det må tas hensyn til praktiserende dyrehelsepersonells behov for ordnet fritid.

3. Departementet kan gi nærmere forskrift om gjennomføringen av bestemmelsene i denne paragrafen.

Departementet ønskjer at endringa skal tre i kraft frå og med 2007. Departementet sitt brev av 15.02.06 og høyringsnotat følgjer vedlagt saka. Den norske veterinærforening (DNV) har i brev av 07.03.06 (vedlagt saka) til høyringsinstansane kome med merknader til forslaget. DNV er skeptisk til fleire sider av forslaget.

Kommunen vil etter forslaget få plikt til å sørge for tilfredsstillande tilgang på tenester frå dyrehelsepersonell. Korleis denne plikta skal oppfyllest blir det opp til kommunen å bestemme. Vidare vil det vera opp til kommunen å vurdere kva som er tilfredsstillande tilgang på tenester frå dyrehelsepersonell. I ei slik vurdering må det takast omsyn til kva som er forsvarleg reiseavstand/reisetid. LMD legg til grunn at tilgangen til tenester frå dyrehelsepersonell skal vera døgntkontinuerleg.

LMD tar sikte på at økonomisk midlar knytt til det nye ansvaret skal innlemmast i rametilskotet til kommunane, eventuelt etter ei øyremerking i ein overgangsperiode. Dei økonomiske sidene av ansvarsreforma vil bli nærare omtala i kommuneproposisjonen våren 2006.

Eksisterande ordning

I dag er det Mattilsynet sine regionkontor som med heimel i Forskrift om veterinær vakt administrerer vaktordninga som gir tilgang til dyrehelsepersonell dvs klinisk veterinær vakt heile døgnet. Tre smådyrklinnikkar i Haugesund, Karmøy og Tysvær tar del i vaktordninga for kjæledyr.

Forskrift om veterinær vakt regulerer mellom anna vaktperiodar, vaktbemanning og godtgjering/betaling for deltaking i ordninga om klinisk veterinær vakt. Mattilsynet definerer vaktområda og godkjenner vakt deltakarane. Vaktordninga omfattar ikkje industrielt fiskeoppdrett.

Mattilsynet sitt regionkontor for Haugalandet administrerer to vaktområder.

- Tysvær vaktområde omfattar kommunane Tysvær og Bokn, og Skjold i Vindafjord kommune.
 - Karmsund vaktområde omfattar kommunane Karmøy, Haugesund, Sveio og Utsira.
- Delar av døgnet dvs i tidsrommet kl 2030 til kl 0630 fungerer dei to områda som eit område. Eit unntak er april månad då områda grunna ekstra stort arbeidspress har vakt kvar for seg også kveld og natt.

Mattilsynet skal framleis ha ansvaret for tiltak mot smittsomme dyresjukdommar og oppfølging av dyrevernsaker. Veterinærar har ei generell plikt til å rapportere til Mattilsynet om smittsomme sjukdommar dei kjem over i sitt arbeid. Muligheten for å få tak i veterinær er i så måte av betydning for beredskapen mot alvorlege dyresjukdommar.

Mattilsynet er tilsynsmyndighet i forhold til praktiserande veterinærar jf dyrehelse-personellova.

Vurdering og konklusjon

Rådmannen ser at det kan vera moment som talar for å overføre ansvar for tilfredsstillande veterinærdekning og veterinær vakt til kommunane. Men der er og både prinsipielle og praktiske moment som talar for å halde på eksisterande ordning.

Rådmannen meiner det vil vera prinsipielt uheldig å overlata til kommunane å definere kva som er god nok veterinærdekning og veterinær vakt. Ei følgje kan bli at beredskapen mot alvorlege smittsame sjukdommar og arbeidet med dyrevern blir svekka.

Samordning av spesialvakta for kjæledyr og klinisk veterinær vakt kan medføre ulemper, i det minste i ein overgangsfase. Dei lokale praktiserande veterinærane i vårt område har ikkje lokalar og utstyr til å ta seg av smådyr. Samordning av desse vaktordningane kan medføre dårlegare tilbod for alle brukarar av veterinære tenester.

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Tysvær formannskap kan ikkje tilrå å overføre ansvar for tilgang til tilfredsstillande kliniske veterinærtjenester og klinisk veterinærvakt til kommunane jf grunngjeving i saksutgreiinga.

Arne Jensen
rådmann

Bjørn Bruaset
Jordbrukssjef

BEHANDLING I TEKNISK UTVAL -11.05.2006

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

BEHANDLING I FORMANNSKAPET -30.05.2006

Vedtak samr.: Rådmannen sitt framlegg blir vedtatt.

VEDTAK I FORMANNSKAPET -30.05.2006

Tysvær formannskap kan ikkje tilrå å overføre ansvar for tilgang til tilfredsstillande kliniske veterinærtjenester og klinisk veterinærvakt til kommunane jf grunngjeving i saksutgreiinga.

Vedlegg: Brev av 15.02.06 frå Landbruks- og matdepartementet inkl høyringsnotat
Brev av 07.03.06 frå Den Norske Veterinærforening.